

REGULERINGSFØRESEGNER I TILKNYTNING TIL REGULERINGSENDRING AV
BUSTADFELTET SVEIÅSEN

Desse reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Der byggjelinje er oppgjeve skal bustader plasserast innafor denne.

Byggjeområde for bustader

1. Frittliggende bustadhus kan førast opp i inntil 2 etasjer. I hus med ein etasje, der terrenget etter bygningsrådets skjønn ligg til rette for det, kan sokkeletasjen innreiast for busetnad innafor ramma av føresegnene i byggjeforskriftene.

2. For kvar familiebusetnad skal det avsetjast plass for 1 garasje og oppstillingsplass for 1 bil. Garasjen skal vere tilpassa bustadhuset med omsyn til materialvalg, form og farge.

Plassering av garasje skal visast på situasjonsplan som fylgjer byggjemelding for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samstundes med huset.

Garasjer kan plasserast i nabogrense i medhald av føresegnene i byggjeforskriftene. Bygningsrådet fastset den endelege plassering av garasjen.

Uthus kan førast opp i tilknytning til bustadhus eller garasje. I særlege høve kan bygningsrådet gje løyve til å føre opp separat uthus.

3. Utnyttingsgraden skal ikkje overstige $U = 0,15$.

4. Bygningsrådet skal ved handsaming av byggjemelding sjå etter at busetnaden får ei god form og materialhandsaming og at bygningane får ei harmonisk utforming. Bygningsrådet kan kreve at bygningar som det er naturleg å sjå i samanheng skal ha same takform, takvinkel eller møneretning.

Bustadhus med tilhøyrande garasje og /eller uthus skal ha ein takvinkel på minst 15 grader og høgst 45 grader.

5. Mellom tomtane må det ikkje setjast opp gjerde som er høgare enn 60 cm.

6. Ingen tomt må plantast med tre eller busker som etter bygningsrådets skjønn kan vere til ulempe for den offentlege ferdsle. Siktsonene må til ei kvar tid vere rydda for sikthindringar. Dei ubebygde områda må gjevast ei tiltalende form og handsaming.

JD 1994002

Friområde

1. Friområdet skal nyttast til park og leikeområde. Naudsynte byggverk og anlegg som ikkje er til hinder for området bruk som friområde kan oppførast etter godkjenning av bygningsrådet..

Fellesføresegner

Mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsrådet innafor ramma av Plan- og bygningslova og byggeforskriftene.

RETT KOPI
Jarl Våga



SVEIO KOMMUNE

TEKNISK ETAT

JD 1994002

Telefon 52 74 01 00
Telefax 52 74 00 96
Kommune nr. 1216
Postgiro 0802 5688601
Bankgiro 3506.07.10323

5520 Sveio, den 17. november 1994

SVEIÅSEN VELFORENING
V/WILLY HERMANS
LYNGVEIEN 3
5520 SVEIO

Arkiv nr. 504
Jnr. 62917
Saksid. 8744
Dykkar ref.:


REGULERINGSENDRING - SVEIÅSEN BUSTADFELT.

Sveio kommunestyre vedtok i møte 07/11/94 under saksnr. 75/94 reguleringsendring for bustadfeltet SVEIÅSEN. Endringa gjeld som tidlegare nemnt, omregulering av deler av av friområdet og bustadområdet. Reguleringsføremål er bustader, vegar og friområde.

Planen med tilhøyrande føresegner er lagt ut til allment ettersyn på teknisk etat i tida 21.11.94 - 12.12.94.

Kommunestyret sitt vedtak kan påklagast til fylkesmannen i Hordaland innan 3 veker frå denne kunngjeringa. Evt. klage bør vera grunngjeven og skal sendast Sveio kommune, teknisk etat innan fristen går ut.

Ove Røys (s.)
teknisk sjef


Reidar Skjerping